

TILTAKSPLAN FOR KULTURLANDSKAPET I VERDSARVOMRÅDA

Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan



Om rapporten


Rapporten er i to separate delar.

Del 1: Vestnorsk fjordlandskap

Del 2: Vegaøyan verdensarv

Begge delrapportane har eigen innhaldsforteiknelse.

Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og Vegaøyen



Del 1: Vestnorsk Fjordlandskap

Framsidefoto:

Utsikt mot Undredal (Foto Tom Dybvad)
Geit på Vesterås (Foto Per Kristian Frøysa)
Geiranger (Foto Per Kristian Frøysa)
Styva tre (Per Kristian Frøysa)

Forord

Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap, og Vega kommune legg med dette fram *Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og Vegaøyen*.

Tiltaksplanen er utarbeidd med bakgrunn i eit møte mellom representantar frå verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og Vegaøyen, og statssekretærene for LMD, MD, NHD og KRD, 28.11.06. Tema for møtet var: *Kulturlandskapet si rolle for verdsarven og utviklinga av norsk reiseliv*. Under møtet vart verdsarvmiljøet invitert til å kartlegge og oppsummere alle relevante utfordringar knytt til å ta vare på arven.

Møre og Romsdal fylke etablerte prosjektet *Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområdet Geiranger - Herdalen*, i samarbeid med Stranda kommune og Norddal kommune. Per Kristian Frøysa vart tilsett som prosjektleiar, under administrativ leiing av landbruksdirektør Ole Syltebø. Verdsarvstyret for Geirangerfjorden var prosjektstyre. NILF og Bioforsk vart knytt opp til prosjektet for å kvalitetssikre arbeidet.

Vega kommune har samarbeidd med Fylkesmannen i Nordland, Bioforsk Nord Tjøtta, og Stiftelsen Vegaøyen verdensarv.

Etter signal frå departementa om samordning av tiltaksplanen, tok Møre og Romsdal ansvar for samordning med Vestnorsk Fjordlandskap Nærøyfjorden, og Vegaøyen. Arbeidet med samordninga er leia av ei administrativ referansegruppe der alle verdsarvområda og fagmiljø har vore representert. Planen er eit samarbeidsprodukt med fleire forfattarar, og vekslar difor i målform og språkdrakt. Av praktiske årsaker blir planen lagt fram i to deler, der innhald og forslag til virkemidler er samordna så godt som råd:

Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda

Del 1: Vestnorsk Fjordlandskap

Del 2: Vegaøyen

Prosjektet har jobba tett opp mot bønder, grunneigarar, bondeorganisasjonar, reiseliv, administrasjon og politiske organ på kommunenivå, fagavdelingane på fylkesnivå, verdsarvstyre og verdsarvråd. Tiltaksplanen er eit produkt av samspel mellom alle desse samarbeidspartane.

Del 1 er formelt vedteken av Verdsarvstyret for Geirangerfjorden og Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap.

Del 2 er vedteken av Vega kommunestyre.

Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap og Vega kommune vil takke alle bidragsytarar og samarbeidspartar i prosjektet.

Norddal 15.06.07

Vega 15.06.07

Arne Sandnes
Leiar
Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap

Einar Silseth
Ordførar
Vega kommune

Samandrag	6
1. Innleiing	8
2. Tilstandsrapport for landbruket og kulturlandskapet i Vestnorsk Fjordlandskap	10
2.1 Tilstandsrapport Geirangerfjorden	11
2.1.1 Grande, Møll, Årset, Møllsæter	11
2.1.2 Maråk, Vinje, Hole, Vesterås	12
2.1.3 Flydal, Ørjasæter, Opplenskedal	12
2.1.4 Gjørva	13
2.1.5 Homlong	13
2.1.6 Herdalen	14
2.1.7 Fjord- og fjellgardane	15
2.1.8 Randsonene til verdsarvområdet Geirangerfjorden og Herdalen	16
2.2 Tilstandsrapport Nærøyfjorden	17
2.2.1 Undredal	17
2.2.2 Gudvangen og Nærøydalen	18
2.2.3 Bakka	18
2.2.4 Dyrdal	20
2.2.5 Styvi	20
2.2.6 Nedbergo, Stigen og Breisnes	20
2.2.7 Randsonene til Nærøyfjorden verdsarvområdet	21
3. Eksisterande virkemiddel	22
3.1 Landbrukspolitiske virkemiddel	22
3.1.1 Driftstilskot	22
3.1.2 Investeringsstilskot	23
3.1.3 Prosjekt-/tiltaksretta virkemiddel landbruk	24
3.1.4 Vurdering av eksisterande landbrukspolitiske virkemiddel	25
3.2 Virkemiddel i miljø- og kulturminneforvaltninga	26
4. Målsettingar for landbruket og kulturlandskapet i verdsarvområda 2008-2012	27
4.1 Geirangerfjorden og Nærøyfjorden	27
4.1.1 Mål for kulturlandbruket i Geiranger	27
4.1.2 Mål for kulturlandbruket i Herdalen	27
4.1.3 Mål for kulturlandbruket på dei nedlagde fjord- og fjellgardane	28
4.1.4 Mål for kulturlandbruket i randsona	28
4.2 Generell målsetjing for kulturlandbruket i Nærøyfjordområdet	28
4.2.1 Mål for kulturlandbruket i Undredal	28
4.2.2 Mål for kulturlandbruket i Nærøydalen	28
4.2.3 Mål for kulturlandbruket på Bakka	28
4.2.4 Mål for kulturlandbruket i Dyrdal	29
4.2.5 Mål for kulturlandbruket på Styvi	29
4.2.6 Mål for kulturlandbruket på Stigen, Nedbergo og Breisnes	29
4.2.7 Mål for kulturlandbruket i randsona	29
5. Tiltaksplan for kulturlandskapet	30
5.1 Geirangerfjorden og Nærøyfjorden	30
5.1.1 Tiltaksplan for Geiranger	31
5.1.2 Tiltaksplan for Herdalen	32
5.1.3 Tiltaksplan for dei nedlagde fjord- og fjellgardane langs Storfjorden	32
5.1.4 Tiltaksplan for randsonene rundt Geirangerfjorden	32
5.1.5 Tiltaksplan for Undredal	33
5.1.6 Tiltaksplan for Nærøydalen	33
5.1.7 Tiltaksplan for Bakka	33
5.1.8 Tiltaksplan for strand- og høgdegardane i Nærøyfjorden	33
5.2 Skjøtsel av kulturminner, biologisk mangfold og eldre driftsformer i Geirangerfjorden og Nærøyfjorden	34
6. Forslag til nye økonomiske virkemidlar	35
6.1 Kulturlandskapsbidrag	35
6.1.1 Arealbidrag	35

6.1.2 Beitebidrag	36
6.1.3 Kulturbidrag	36
6.1.4 Investeringsbidrag til kulturlandbruket	37
6.2 Finansiering	37
6.3 Andre virkemiddel	38
6.4 Geografisk område	38
6.5 Administrasjon	38
7. Økonomiske konsekvensar av tiltaksplanen	39
7.1 Arealbidrag	39
7.2 Beitebidraget	39
7.3 Kulturbidrag	40
7.4 Investeringsbidrag	40
7.5 Samla bidrag	40

Samandrag

Natur og kulturlandskap

Naturen i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap er dramatisk og storslått. Likevel er det først og fremst vekslinga mellom natur- og kulturlandskapet, opplevinga av samspelet mellom menneske og natur i tid og rom, som gjev landskapet sitt særpreg og gjer det så opplevingsrikt og attraktivt. Kulturlandskapet har gjennom verdsarvstatusen fått svært høg samfunnsmessig verdi som nasjonalt symbol, og fyrtårn i internasjonal marknadsføring av Norge som reisemål. Samtidig opplever grunneigarane og bøndene, som eig alt kulturlandskapet i verdsarvområda, at den privatøkonomiske verdien av kulturlandskapet har blitt stadig mindre. Landbruket er difor i sterk tilbakegang, og sentrale kulturlandskapsareal er i ferd med å gro heilt igjen. Verdsarven står i fare.

I Geiranger er nedbygginga av landbruket kome så langt, at husdyrhaldet må byggast oppatt for å berge kulturlandskapet. I resten av verdsarvområdet er jordbruket også i sterk tilbakegang, og det må setjast inn virkemidlar raskt for å stoppe og snu utviklinga. Verdsarven sitt kulturlandskap er skapt av bøndene sin utnytting av naturressursane gjennom generasjonar, i stor grad foredla gjennom husdyrhald. Naturressursane i verdsarvområdet er lite egna til moderne, volumbasert og kostnadseffektivt husdyrhald. Det er samtidig berre beitedyr og aktive bønder som kan skape eit levande kulturlandskap. Kulturlandskapet skal ein både kunne sjå, høyre, lukte og smake.

Kulturlandbruk

Virkemidlane vi rår over innan landbruk, reiseliv, miljø og kultur er ikkje tilstrekkeleg til halde kulturlandskapet i hevd, og det er konflikt mellom moderne landbruksdrift og kulturlandskapspleie som tek vare på dei mange forvaltnings- og næringsinteresser knytt til miljø, kultur og reiseliv. Tiltaksplanen tilrår at det blir løyvd midlar til eit eige kulturlandskapsbidrag i verdsarvområda, med direkte innretting mot å ta vare på og utvikle mangfoldet og opplevingskvalitetane i kulturlandskapet. Kulturlandskapsbidraget skal vere ei samfunnslønn for å etablere eit kulturlandbruk som tek vare på alle desse interessene.

Målsettingar for kulturlandbruket:

- pleie kulturlandskapet med slått og beiting
- bruke moderne utstyr og driftsmetodar, men også vise tradisjonelle driftsformer
- ta vare på biologisk mangfald og kulturminne
- utvikle eit småskala husdyrhald, som tek vare på framtidsbøndene sine krav til arbeidsmiljø og fritid
- legge til rette for opplevingar, og utvikle gode reiselivsprodukt
- tilby lokalt foredla matvarer
- skape grunnlag for heilårsbusetnad
- ta vare på og formidle kunnskap om natur, kultur og driftsmåtar

Kulturlandskapsbidrag

Dei aktive bøndene i verdsarvområdet rundt Geiranger og Nærøyfjorden har alle same krav til å halde fram med sitt husdyrhald. Det må skapast ein økonomi i kulturlandbruket, som er konkurransedyktig med satsing på reiseliv, og arbeid utanom bruket. Dette har vore førande for dimensjoneringa av kulturlandskapsbidraget. For å målrette dei økonomiske bidraga er dei foreslått kanalisert gjennom fire ordningar:

Arealbidraget skal gjere det økonomisk interessant å pleie alle prioriterte kulturareal i samsvar med dei reglar for skjøtsel som blir utarbeidd.

Beitebidraget skal sikre nok beitedyr til å ta vare på dei viktigaste kulturlandskapsområda.

Kulturbidraget skal gjere det økonomisk interessant å ta vare på samfunnsverdiar som er viktige for heilskapen og mangfaldet i kulturlandskapet, og vil omfatte:

- restaurering og vedlikehald av bygningar som kvernhus, utløer og gardfjøsar
- restaurering av viktige kulturlandskapselement som steingardar og bakkemurar
- restaurering og vedlikehald av ferdselsårer
- spesiell skjøtsel for å ivareta biologisk mangfald og trua arter
- spesiell drift for å vise historiske driftsmåtar, ta vare på styvingstre og frukthagar
- skogrydding for å få fram igjen viktige kulturareal, kulturelement og utsikt

Investeringsbidraget skal gje økonomisk grunnlag for langsiktige investeringar i driftsbygningar, og innrettast slik at ein oppnår andre viktige mål for verdsarvområda knytt til byggeskikk, bruksstruktur og fast busetnad.

Det er utarbeidd tiltaksplanar for verdsarvområda. I Nærøyfjorden er det lagt til grunn 10 % auke i tal beitedyr og areal i drift, medan det for Geiranger er føresett ei dobling av talet på beitedyr, og oppattaking av drift på alt jordbruksareal i landbruksregisteret. Basert på tiltaksplanane vil samla kulturlandskapsbidrag for verdsarvområdet Geirangerfjorden utgjere 6,1 millionar med aktivitetsnivå på linje med 2006. Ved oppfylling av målsetjingar om auka areal i drift og fleire dyr i området, aukar bidraget til 7,8 millionar i 2012. For Nærøyfjorden vil samla bidrag utgjere 4,4 million i 2008, aukande til 4,7 i 2012.

	Geirangerfjorden		Nærøyfjorden	
	2008	2012	2008	2012
Arealbidrag	1 140 000	2 240 000	1 080 000	1 180 000
Beitebidrag	1 710 000	2 310 000	1 610 000	1 750 000
Kulturbidrag	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Investeringsbidrag	2 300 000	2 300 000	700 000	700 000
Sum kulturlandskapsbidrag	6 150 000	7 850 000	4 390 000	4 630 000

Statlege løyvingar frå fleire departement

Tiltaksplanen har som overordna mål å ta vare på og vidareutvikle dei unike kulturlandskapsverdiane i verdsarvområda. Det viktigaste tiltaket er å skape økonomisk grunnlag for eit kulturlandbruk der produksjon av fellesgode knytt til opplevingar i kulturlandskapet er målet, og aktiv drift med husdyrhald er middelet. Dette krev ei statleg løyving på 10,5 – 12,4 million kr årleg for å skape ein økonomi som gjer det interessant å satse på kulturlandbruk i konkurranse med utbygging av reiseliv eller anna arbeid. Med ei slik løyving vil kulturlandbruket kunne levere eit kulturlandskap som tilfredstiller interessene til både miljø, kultur, landbruk og reiseliv.

Forvaltning

For å nå alle målsettingane med kulturlandskapet vil det også vere trong for stillingar innan forvaltningsapparatet. Det blir føresett at naudsynte midlar til dette blir innarbeidd i andre budsjettpostar.

Berekraftig opplevingsøkonomi

Kulturlandskapet i verdsarvområda er så brattlendt, kupert og vanskeleg arrondert, at det ikkje har vore mogleg å tilpasse terrenget til moderne mekanisert landbruk. Dette som har medført store driftsulemper og dårleg driftsøkonomi, kan no snuast til ein stor fordel. Kulturlandskapet er krydra av kulturminne, i eit fantastisk variert og vakkert landskap, som fortel historie om folk og levemåte. Det er framleis aktive bønder og grunneigarar i området som ved hjelp av dei økonomiske virkemiddel som planen foreslår vil kunne etablere ein berekraftig opplevingsøkonomi.

1. Innleiing

Kulturlandskapet i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap er unikt, og har stor verdi både nasjonalt og internasjonalt.

Vestnorsk Fjordlandskap vart i 2005 innskriven på verdsarvlista som naturområde, men det er framheva at kulturlandskapet tilfører ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.

Det meste av verdsarvområdet er verna etter naturvernlova, med status som landskapsvernområde. Nærøyfjorden landskapsvernområde vart oppretta i 2002, og Bleia-Storebotnen landskapsvernområde og Bleia naturreservat vart oppretta i 2004. Geiranger-Herdalen landskapsvernområde vart verna i 2004, og eit av føremåla var å ta vare på viktige kulturlandskap med fjordgardar, setermiljø og kulturminne.

I verdsarven er det også teke med busette område som ikkje er verna etter naturvernlova. Det gjeld bygda Geiranger i nord, og i sør bygdene Undredal, Bakka, Gudvangen-Nærøydalen-Stalheim og Dyrdal med sommarbusetnad.

Geirangerfjorden, Herdalen og Nærøyfjorden vart alt i 1994 tatt med i Miljøverndepartementet og Direktoratet for naturforvaltning sin "Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap". Målet var å samordne og utvikle ei forvaltning av jordbruket sitt kulturlandskap der kriteria biologisk mangfald, kulturminne og oppleving vart sikra.

Møre og Romsdal fylke, landbruksavdelinga, la i Storfjordprosjektet 2004 fram ein fagrapport om kulturlandskapet i indre Storfjorden, og om utfordringar for forvaltninga.

Med bakgrunn i landskapsvernet og verdsarvstatusen er det utarbeidd Forvaltningsplan for Vestnorsk Fjordlandskap Nærøyfjorden, og Forvaltningsplan for Vestnorsk Fjordlandskap Geirangerfjorden. Forvaltningsplanane skal sikre natur- og kulturlandskapsverdiane ved å balansere bruk og vern på ein måte som gjev grunnlag for ei positiv utvikling i verdsarvområdet. I planen for Geirangerfjordområdet blir det fastslått at attgroing er det største trugsålet både for produksjonslandskap, biologisk mangfald, levande kulturminne og ikkje minst opplevingar i kulturlandskapet. Dette vil få negative konsekvensar for turisme, friluftsliv og nærmiljø. I Nærøyfjordområdet utgjør kulturlandskapet også ein sentral verdi, og attgroing er eit stort trugsål. Oppretthalding av landbruksdrift og beiting i området er sentralt for å ta vare på kulturlandskapet.

Tiltaksplanen for kulturlandskapet i verdsarvområda har sitt fundament i forvaltningsplanane. Den norske stat har forplikta seg nasjonalt gjennom landskapsvernet, og internasjonalt gjennom verdsarvstatusen til å ta vare på kulturlandskapsverdiane i verdsarvområdet. Verdiane er no sterkt truga av attgroing. Tiltaksplanen gir ein tilstandsrapport for landbruket og kulturlandskapet i verdsarvområdet. Med bakgrunn i tilstandsrapporten er det utarbeidd mål og tiltak, med forslag til nye økonomiske virkemiddel. Statlege løyvingar vil bli heilt avgjerande for å snu den negative utviklinga i området, og gjere det mogeleg å ivareta alle samfunnsinteressene knytt til kulturlandskapet.



VESTNORSK FJORDLANDSKAP

THE WEST NORWEGIAN FJORDS

GEIRANGERFJORDEN OG
NÆRØYFJORDEN MED
OMRÅDA OMKRING
VART INNSKRIVNE PÅ
UNESCO SI LISTE OVER
VERDSARVEN 14. JULI 2005.
FJORDOMRÅDA ER
NATURARV MED FRAMSTÅANDE
UNIVERSELL VERDI OG
SKAL TAKAST VARE PÅ
TIL GAGN FOR
ALLE MENNESKE.

THE GEIRANGERFJORD AND
NÆRØYFJORD AREAS
WERE INSCRIBED
UPON THE UNESCO
WORLD HERITAGE LIST
14TH OF JULY 2005.
THESE FJORD AREAS
ARE NATURAL HERITAGE OF
OUTSTANDING UNIVERSAL
VALUE TO BE PROTECTED
FOR THE BENEFIT
OF ALL HUMANITY.

AVDUKA 12. JUNI 2006

Jonja

Unesco plakett Skageflå Geirangerfjord, Vestnorsk Fjordlandskap

2. Tilstandsrapport for landbruket og kulturlandskapet i Vestnorsk Fjordlandskap

¹Geirangerfjorden og Nærøyfjorden sin natur er dramatisk og storslått. Likevel er det først og fremst vekslingen mellom natur- og kulturlandskapet, opplevelsen av samspillet mellom menneske og natur i tid og rom, som gir dette landskapet sitt særpreg og gjør det så opplevelsesrikt og attraktivt. Særlig fjord- og hyllegårdene som kan sees langs fjorden er et vesentlig element for dette landskapets identitet. Opplevelsen for turisten blir ikke den samme hvis landskapet gror igjen og disse gårdene ikke lenger kan sees, når guiden på turistbåtene forteller om dem.

Bosettingen i området går langt tilbake i tid og flere av gårdene er meget gamle. Jordbruket har vært allsidig og basert på husdyrhold. Den allsidige utnyttelsen har skapt et mosaikklandskap med et mangfold av kulturminner og kulturmarker. Landskapet er i stor grad spart for ødeleggende "moderniseringsinngrep" og kan fortsatt sies å være et "tradisjonelt" jordbrukslandskap, representativt for Vestlandet. Landskapets rike innhold av kulturminner som gamle bygninger og ferdselsårer, geil, steingjerder, bakkemurer og ryddingsrøyser, forteller sammen med de gamle kulturmarkene og deres biologiske mangfold, historien om tidligere tiders naturressursutnyttelse og livsbetingelsene i dette landskapet. Kulturminnene i området utgjøres også av fortellinger og sagn, stedsnavn og ikke minst den "tause kunnskapen" om gamle driftsformer. Jordbruksdriften strakk seg fra fjord til fjell og man kan fortsatt følge bratte stier fra gårdene opp til de gamle stølene. Store skulpturale styvingstrær i de stupbratte liene formet av lauving gjennom århundrer, forteller om tidligere tiders farlige arbeid for å sanke nok vinterfôr. Rester av de gamle, tidligere vidstrakte slåtte- og beitemarkene bidrar også til at man kan lese historien direkte i dette landskapet, og kulturmarkenes biologiske mangfold øker landskapets opplevelseskvaliteter.



Lauva almar på Holmo (foto Tom Dybvad)



Geit på Vesterås, Geiranger (foto Per Kristian Frøysa)

Områdene rundt Geiranger og Nærøyfjorden har fortsatt et levende kulturlandskap, men nedleggelse av de fleste gårdsbrukene har ført til en stadig økende gjengroing som kan få alvorlige følger for verdensarvområdets landskapskvaliteter. De visuelle opplevelsesmulighetene forringes sterkt hvis landskapet lukker seg med skog. Det store biologiske mangfoldet som er knyttet til gamle kulturmarker blir borte når de gror igjen, og mange av kulturminnene vil bli overgrodd og forsvinne. Landbruket spiller med andre ord en meget viktig rolle når det gjelder opprettholdelse av det attraktive landskapet som hele verden vil se. Det er derfor et stort problem at de som produserer og opprettholder mange av landskapskvalitetene ikke er de som først og fremst tjener på verdensarvstatusen og turismen.

¹ Kap 2 Ann Norderhaug, Bioforsk

2.1 Tilstandsrapport Geirangerfjorden

¹Landbruket i Geiranger er under sterk nedbygging, og kulturlandskapet er prega av gjengroing. Det er berre 7 driftssenter igjen innanfor verdsarvområdet, og ingen av dei aktive brukarane har meir enn eitt års perspektiv på vidare drift. Driftsbygningane som er i bruk er frå 27 til 100 år gamle.

Det er 36 bruk i Geiranger. Bruksstrukturen er slik den har vore i heile etterkrigstida. Berre eitt bruk er seld som tilleggsjord, og tre bruk har bygd ein fellesfjøs for geit. Ingen har investert i driftsapparat basert på leigejord. Areala er små, det meste er svært tungdrive og mykje av areala ligg 3-500 moh.

Vi har valt å dele Geiranger inn i 5 kulturlandskapsområde, med bakgrunn i naturleg avgrensa beiteområde.



Grande og Møll, Geiranger (foto Per Kristian Frøysa)

2.1.1 Grande, Møll, Årset, Møllsæter

²Møllslia er den av innfallsportene til Geiranger som er åpen hele året. Utsikten fra den nasjonale turistveien, spesielt fra Ørnesvingen, er en landskapskvalitet av stor betydning for turismen. Det er derfor viktig at landskapet i Møllslia holdes åpent. Møllstunet som er et intakt klyngetun med 11 bygninger, den eldste sannsynligvis fra 1600-tallet, er under utredning for fremtidig freding. I Møllslia finnes i tillegg en rekke andre kulturminner av forskjellig alder. Fruktdyrkingen i Geiranger har tradisjoner helt tilbake til middelalderen. De gamle frukthagene i Møllslia har derfor både historisk og estetisk betydning. Store styva gamle trær er også landskapselementer med estetisk og historisk verdi. I tillegg er de viktige for det biologiske mangfoldet. Et stort biologisk mangfold er også knyttet til (tørr)engene, veikantene, knausene og ikke minst til den kulturpåvirkete lauvskogslia og rasmarekene øst for Grandeelva. Mange av landskapskvalitetene og sammenhengen fra gård til støl, kan oppleves fra en gammel sti som kan følges fra fjorden opp til

¹ Kap 2.1 Per Kristian Frøysa, Møre og Romsdal Fylke

² Kap 2.1.1-2.1.7 Ann Norderhaug, Bioforsk, underavsnitt "Landbruk": P.K.Frøysa Møre og Romsdal fylke

Møllsetrene. Fra Møll og oppover er stien delvis steinsatt (trappetrinn). Møllsetrene ble tatt av snøras i 1986, men tuftene og vollen kan fortsatt sees fra den nasjonale turistveien. Det er utarbeidet en skjøtelsesplan for Møllslia.

Landbruk:

8 bruk. 6 har heilårsbusetnad. 2 campingplassar og hotell på Grande, 2 utleiehytter på Møllsæter. Ingen av eigarane driv jordbruk. Ein fellesfjøs for geit på Møll er forpakta bort til ein bonde i Eidsdal. Jordbruksareala er grøderik, med gamle frukthagar i nedre del av bygda. Dette er kanskje den største samlinga av gamle fruktsortar i landet, med opp mot hundre ulike sortar. Areala er svært brattlendt med dårleg arrondering, sundskorne av fjellparti og Ørnevegen som slynger seg gjennom bygda. Mykje av arealet er sterkt prega av attgroing. Ingen areal vart innhausta i 2006, men noko vart slått ned. 49 sauer og 100 lam beita på jordbruksareala 5 veker om våren og 4 veker om hausten, og er på sommarbeite i fjellsidene mot Geitfonnegga.

122 mjølkegeiter beita i utmarka aust for Grandeelva, oppover mot Møllsetrane.

2.1.2 Maråk, Vinje, Hole, Vesterås

På Maråk, Vinje og Hole finnes det rester av gammel, artsrik slåtteeing som beriker selve Geiranger sentrum. Også på Holebakk finnes det slik eng og i tillegg mange tufter og andre kulturminner som det er knyttet dramatiske historier til. De forklarer hvorfor det ikke lenger er bosetting her. Mange dramatiske hendelser er knyttet også til Vesterås. Denne gården som nærmest kan betegnes som en hyllegård, har det mest intakte "gårdslandskapet" i dette kulturlandskapsområdet. Beliggenheten gjør at det kan sees fra større delen av bygda, samtidig som det er vid utsikt herfra. I den bratte innmarka finnes bakkemurer, rydningsrøyser, vedlikeholdte styvingstrær og artsrik flora på knauser, i kanter, tørrbakker og gammel beitemark. Vesteråsetra ligger innerst i Vesteråsdaalen som har en rik fjellplanteflora og beitepåvirka snørasenger. Også ved Vesteråsfonna finnes det sjeldne arter. I dette kulturlandskapsområdet spiller ellers veikantene en særlig viktig rolle for det biologiske mangfoldet.

Landbruk:

10 bruk. 8 har heilårsbusetnad. 2 bruk på Maråk og 1 på Vinje har campingplass, 2 bruk på Hole og 1 på Vesterås har utleiehytter. 3 driv jordbruk. Alle driftsbygningar i området er 100 år eller eldre. Noko av jordbruksareala på Maråk og Vinje er flate og lett drivne, resten er svært dårleg arrondert, sundskore av fjellparti og vegar som slynger seg oppover dalen.

103 sauer, 187 lam og 47 ammegeit på heimebeite vår og haust, og sommarbeite i Vesteråsdaalen.

2.1.3 Flydal, Ørjasæter, Opplenskedal

Dette kulturlandskapsområdet er det som møter turistene som kommer langs riksvei 63 fra Grotli og Strynefjell. Engene og beitemarkene gjør landskapet åpent og innbydende. Brukene her har i kulturlandskapssammenheng betydning også fordi de er de eneste gjenværende melkebrukene i Geiranger. Storfefeite er nødvendig for opprettholdelse av en del verdifulle kulturmarker. Gamle bygninger, tufter, bakkemurer og rydningsrøyser er interessante elementer i dette kulturlandskapsområdet. Det biologiske mangfoldet er først og fremst knyttet til kanter langs riksveien og gårdsveier samt til velstelte, bratte slåttebakker. Kvanndalssetra som ligger øverst i Geirangerdaalen drives ikke som seter lenger, men er godt beitet og artsrik. På Flydalssetra og Vinsåssetra har imidlertid gjengroingen startet. Særlig Vinsåssetra er likevel fortsatt artsrik. De beita snørasengene i Vinsåsskredene er spesielt artsrike og her finnes flere sjeldne arter.

Landbruk:

10 bruk. 6 har heilårsbusetnad. 1 bruk har campingplass, 1 har leilegheit i huset. 5 av bruka bygde ut for mjølkeproduksjon på 70 talet. 4 av desse har lagt ned, 3 av dei i 2006. Det er 2 som framleis driv med mjølkeproduksjon i Flydal. Nyaste driftsbygninga er 27 år med 7 kubåsplassar, 36.000 l mjølkekvote. Den andre driftsbygningen er 38 år, i dårleg stand med 12 kubåsplassar, 57.000 l mjølkekvote. Dette er einaste bruka som driv kumjølkeproduksjon i Geiranger. Det meste av jordbruksarealet er flatt og lettdrive, men noko er i dårleg hevd. Ingen jordbruksareal på Ørjasæter og Opplenskedal vart innhausta i 2006.

Ørjasæter og Opplenskedal har beiteområde i fjellsidene på begge sider av dalføret, på Kvanndalsætra og i Kvanndalen. Flydal har beiteområde i fjellsidene mot sør-vest og på Flydalsætra. 30 storfe på beite.

2.1.4 Gjørva

Liene fra Gjørva inn mot Homlong er tidligere slåtteliet som spiller en viktig rolle i landskapsbildet og for inntrykket av Geiranger. En stor frukthage ved gården utgjør et vakkert innslag i landskapet når trærne står i blomst. I lia innerst i bukta er kulturmarken nærmest terrassert med bakkemurer, men dette området trues av gjengroing. Liene holdes ellers fortsatt ganske åpne ved beite. Her finnes flere rødlistearter og et stort biologisk mangfold. Av kulturminner kan nevnes steingarder, rydningsrøyser og spor etter en plass ovenfor gården.

Landbruk:

4 bruk. 2 har heilårsbusetnad. 1 bruk har selt jordbruksareala som tilleggsjord. 1 bruk driv med hytter og jordbruk. Jordbruksareala ved sjøen er flate og lettdrevne, oppover fjellsida er areala brattlendt med dårleg arrondering.

Gjørva har sitt beiteområde i fjellsida vest for sentrum, framover mot Flydalsnakken, på Kvanndalssetra og i Kvanndalen. 17 storfe, 51 sauer og 84 lam på beite.



Geiranger med Gjørva og Homlong (foto Per Kristian Frøysa)

2.1.5 Homlong

Innmarka ved Homlong karakteriseres av mange bakkemurer og steingarder. De er imidlertid i ferd med å forsvinne på grunn av gjengroing. Hvis landskapet skal beholde sin karakter vil det være nødvendig å slå eller beite disse arealene. Det vil også være viktig å stelle frukthagen. Fra Homlong slynger det seg en bratt sti oppover til Homlongsetra 540 moh. Setervollen er fortsatt ganske åpen og kan sees fra Ørnesvingen. Fra Homlongsetra går det sti videre til Skagedalsetra og til hyllegården Skageflå. Det er flere kulturminner som sel, stihus, løer, tufter, og hvilesteiner knyttet til stiene og stølsområdene. Homlongsetra er mye besøkt av turister. Også for

landskapsopplevelsen fra Ørnesvingen på andre siden av fjorden spiller Homlong og Homlongsetra en viktig rolle og gir utsikten et tydelig historisk innhold.

Landbruk:

4 bruk. 1 har heilårsbusetnad. Alle bruka har campingplass, hytter eller leilegheiter. Ingen driv jordbruk. Ingen jordbruksareal vert innhausta eller beita. Jordbruksareala er brattlendt, dårleg arrondert, og ber sterk preg av attgroing.

Homlong har sitt beiteområde i Skagedalen. Ingen beitedyr.

2.1.6 Herdalen

Herdalen er en særpreget seterdal med en åpen, treløs dalbunn som dekker mer enn 1 km². Setergrenda er delvis ordnet i rekker langs bekkene som renner gjennom området. Mange av de 35 selene og fjøsene er registrert som verdifulle kulturminner (SEFRAC). De eldste er over 200 år gamle. Kombinerte naust/løer finnes ved utløpet av Herdalsvatnet. Herdalen er rikt også på andre kulturminner knyttet både til tidligere bosetting, setervirksomheten, jakt og fangst. I tillegg til de fulldyrka arealene finnes her artsrik beitemark med sjeldne arter, beita rasmærker, myr og fjellbjørkeskog.

Landbruk:

Herdalen hadde truleg fast busetnad frå vikingtida og fram til 1700 talet. Sidan har Herdalen vore brukt til seter og beiteområde for bruk i Norddal og Valldal. Minst 15 gardsbruk har dreve aktiv setring i Herdalen, og skapt eit unikt setermiljø.

I 1960 etablerte 14 bruk partslaget Herdal Beitelag, og bygde moderne fellesfjøs med rørmjølkeanlegg for 50 kyr og 160 geit. I 1989 vart talet på aktive eigarar redusert til 7, fjøsen modernisert og dyretalet auka til 460 mjølkegeit. Dette er den største fellesfjøsen for geit i landet. I 2006 var det 3 bruk med til saman 277 mjølkegeit som hadde aktiv seterdrift i Herdalen, og beitelaget hadde totalt 71 storfe og 512 småfe på beite. Alle bruka har sitt driftssenter i Norddal, utanfor verdsarvområdet.

Herdal førdyrkarlag er skipa av 9 bruk, og leiger 162 da fulldyrka jord av Herdal Gard Grunneigarlag.

Ferdsel og turisme i Herdalen har lange tradisjonar, og det er utvikla mange gode reiselivsprodukt innan geoturisme, med basis i naturopplevingar, kulturarv og sætermiljø.



Herdalseter i Norddal (Fotograf ukjent)

2.1.7 Fjord- og fjellgardane

Hyllegårdene og de dramatiske historiene som er knyttet til de fleste av dem, er en av de største opplevelsesverdiene i verdensarvområdet. Det er derfor av stor betydning for turismen at bygningene blir holdt ved like og at i hvert fall arealene nærmest husene skjøttes, slik at de fortsatt er synlige i landskapet. Også på hyllegårdene finnes det mange kulturminner som gamle bygninger, naust, kvernhus, tufter, løypestrenger, taubaner, fint oppmurte stier og trapper, bakkemurer og rydningsrøyser. Mange har også en meget artsrik engflora, styvingstrær og frukttrær.

Landbruk:

I verdsarvområdet ligg ei rekkje gardsbruk langs strendene og i fjellsida på begge sider av Geirangerfjorden og Sunnylvsfjorden, og på sørsida av Tafjorden.

Sunnylvsfjorden vestsida:	Ljøen, Timbjørgane, Åkernes
Sunnylvsfjorden austsida:	Smoge, Smogeli, Isflå, Oaldsbygda, Furnes, Lundanes
Geirangerfjorden nordsida:	Matvik, Horvadrage, Knivsflå, Bringa, Gomsdalen
Geirangerfjorden sørsida:	Skageflå, Blomberg, Syltevik
Tafjorden sørsida:	Skrednakken, Verpesdal, Ospahjellen, Kvennhusneset, Osvik, Kaste, Korsnes

Alle desse gardane, med unntak av Ljøen, er fråflytta i løpet av dei siste 100 åra, dei fleste i åra etter siste verdskrigen. Fjord- og fjellgardane hadde lite dyrka jord, men utnytta fjellsidene og dalføra til slåttemark og beite for store husdyrflokkar. Kulturlandskapet pregar området frå fjord til fjell. Det meste av det gamle kulturlandskapet er no tilvaks med skog. Viktige område vert framleis haldne opne med

aktiv beiting av beitedyr frå randsonene, og ein del areal i tunområda vert slått av eigarane, eller den ideelle organisasjonen Storfjordens Venner.

På Ljøen er det 2 bruk i aktiv drift, og 1 bruk delvis ute av drift. Driftssentra ligg utanfor verdsarvområdet, men deler av jordbruksareala og beiteområda ligg innanfor. Bruka er svært brattlendt, med dårleg arrondert jord, sundskore av fjellparti.

2.1.8 Randsonene til verdsarvområdet Geirangerfjorden og Herdalen

¹Randsonene er svært viktig for verdsarvområdet, både for å halde vedlike kulturlandskapet i innfallsportane, og direkte skjøtsel av kulturlandskapet med beitedyr inn i verdsarvområdet. Dette gjeld spesielt bruk i Norddal, som tek seg av all slått og beiting i Herdalen. Indreeide i Eidsdal har alle sine beitedyr til å halde kulturlandskapet i Indreeidsdalen. Tryggjestad i Sunnylven har sine beitedyr i Oaldsbygda, og ikkje minst Ljøen tek vare på det unike kulturlandskapet ved inngangen til Geirangerfjorden. Ei rekkje andre gardsbruk har husdyr som i deler av beitesesongen beiter inn i verdsarvområdet.

I randsonene Norddal, Eidsdal, Stranda og Sunnylven er det framleis eit aktivt landbruk, men det økonomiske fundamentet for vidare drift er svakt, noko som gjev seg utslag i rekrutteringsproblem og manglande økonomisk evne til fornying av driftsapparatet.



Beitedyr i Indreeidsdalen (foto Per Kristian Frøysa)

¹ Kap 2.1.8 Per Kristian Frøysa, Møre og Romsdal fylke

2.2 Tilstandsrapport Nærøyfjorden

¹Det aktive landbruket og faste busetnaden i Nærøyfjorden verdsarvområdet er hovudsakeleg knytt til bygdene Undredal, Nærøydalen m/Gudvangen og Bakka. I tillegg er det landbruksaktivitet på Styvi, Dyrdal, Stigen og Breisnes. Det er tre hovudtypar av gardar i området som representerer ulike ressurstilhøve: 1.Gardsbruk i dalføra. 2.Gardsbruk langs fjorden. 3. Gardsbruk på fjellhyller.

I alt 56 gardsbruk har heile, eller hovuddelen av garden innanfor verdsarvområdet. Av desse er i dag berre 15 i drift. Mange bruk er fråflytta og bygningsmassen er i varierende grad prega av forfall. Tre område med busetnad gjer at kulturpreget på fjorden er mest like framtrедande som det inntrykket av dei mektige naturfenomena ein slik fjord rommar.



Utsikt mot Undredal (Foto Tom Dybvad)

2.2.1 Undredal

Bygda Undredal er ein intakt strandstad med eit særprega bygningsmiljø med små trehus tett i tett. 91 fast busette i dag mot 127 i 1999. Den vesle, kvitmåla stavkyrkja ligg sentralt i bygda og er framleis i bruk. Landskapsrommet mellom Undredal, Stigen og Nedbergo er prega av gammalt kulturlandskap med slåtteteigar, åkrar, utløer, stolar og lauvingslier. Dette kulturlandskapet er i raskt forfall og naturpreget er etter kvart dominerande.

Det er 22 større og mindre landbrukseigedomar registrert i dalføret. I dag er det 5 aktive brukarar att som i tillegg til eige bruk leiger hjå andre. Alder på brukarane er mellom 37

¹ Kap 2.2 Roar Werner Vangsnes, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

og 47år. Jordbruksareala er brattlendt, sær arbeidskrevjande og urasjonelt. Ein god del av dette arealet vert slått med ljà og tohjuls slåmaskiner. Ein del av innhaustinga skjer også ved bruk av båt langs fjorden. Bygda har eige stølsysteri kor store delar av geitemjølka vert ysta til kvit og brun geitost. Tradisjonell stølsdrift og stølskultur vert og halde i hevd. Sterk satsing på dyrehelse med deltaking i helsesaneringsprosjektet "Friskare Geit". Ombygging og utbetring av driftsbygningar vil vera ein viktig del av den fornyinga som må skje for å tilpasse nye krav, og med ynskje om å kunne auke dyretalet.

Pr. 1. januar 2007 hadde bygda eit dyretal på 346 dyr, hovudsakeleg mjølkegeit (257 dyr). 639 vart sleppt på beite i utmarka i ein periode på 8 veker, og 93 % av desse dyra var geit.

2.2.2 Gudvangen og Nærøydalen

Landbruket i Nærøydalen ligg hovudsakeleg langs E 16 som går midt gjennom heile Nærøydalen. Folketalet i Nærøy (Styvi, Bakka, Gudvangen og Nærøydalen) er i dag på 105 mot 114 i 1999. Dei viktigaste gardstuna finn ein ved Stalheimsøyni, Hylland, Skjerpi og Gudvangen. Gardane og dyrkamarka vert skilt frå kvarandre av store raskjegler som snevvar inn dalføret fleire stader. Ved Gudvangen møter dalføret fjorden. Av totalt 18 gardsbruk er det i dag 7 brukarar i aldersspennet 39-67 år som held oppe med aktiv drift. 5 av desse ligg i Sogn og Fjordane og 2 av bruka ligg i Hordaland. Jordbruksarealet er i motsetnad til andre områder rimeleg lettdrive og rasjonelt. Areal vert nytta til slått og beite. Bygningsmassen er av vekslende alder og kvalitet. Driftsbygningar frå 80-talet med trong for utbetring og nybygg. Samdrift vert vurdert men og signal om redusert aktivitet og avvikling. Eit par av bruka vil redusera drifta kraftig i løpet av 2007, og tel på knappane om å leggja ned om kort tid. 3 bruk har storfehold og 3 bruk sauehold medan eitt har hatt mjølkegeit fram til i år.

Pr. 1. januar 2007 var det registert 324 dyr i Nærøydalen, medan 453 dyr vart sleppt på beite.

2.2.3 Bakka

Grenda Bakka ligg om lag 5 kilometer frå Gudvangen langs vestsida av Nærøyfjorden. På Bakka er det fast busetnad og heilårsdrift på 2 gardsbruk. Brukarane er i aldersspennet 45-54 år. Husdyrhaldet er i hovudsak basert på mjølkegeit og sau som viktigaste dyreslag men og med innslag av storfe og hest. Jordbruksarealet er vekslende lettdrive/tungdrive. Små arbeidskrevjande teigar innimellom meir rasjonelt areal. Ein del av areala er utsett for snøras. Beitebruken og sambeitinga er sær viktig for å halde landskapet ope og i hevd som kulturlandskap. Bakka har heilårs vegsamband til Gudvangen.

Pr. 1. januar 2007 var det registert 379 dyr på Bakka, og i beitesesongen 2006 var dyretalet oppe i 645. Av desse utgjorde hovudtyngda mjølkegeiter.



Nærøydalen (foto Roar W. Vangsnes)

2.2.4 Dyrdal

Den veglause bygda ved Nærøyfjorden er utan fast busetnad, men det bur folk der i samband med ferie og fritid. I fylgje landbruksregisteret er det 8 bruk i Dyrdal som alle pr. dato er ute av aktiv landbruksdrift. Jordbrukarealet er framifrå teigdelt og urasjonelt. Noko av jordbruksarealet er bortleigd som beite medan noko av arealet vert skjøtta maskinelt. Attgroing og vidare forfall er likevel største utfordringa. Bygningsmassen er i bra stand, spesielt bustadhusa. Tilkomst med skyssbåt eller ferje.



Naust i Dyrdal (foto Tom Dybvad)

2.2.5 Styvi

Styvi ligg omtrent på motsett side av Dyrdal og har 2 fast busette på eit av to gardsbruk. Bruka er utan aktiv landbruksdrift men jordbruksareala vert nytta til beite for sau. Strekninga Styvi - Holmo vart etablert som eige landskapsvernområde alt i 1991. I særskild grad var vernet motivert ut frå ynskje om å halde ved like eit særprega kulturlandskap med viktige kulturminne, opplevingsverdiar og kulturbetinga biologisk mangfald. Det er difor utarbeidd eigen skjøtelsesplan for å ta vare på det særeigne kulturlandskapet i området (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1994). På Styvi har grunneigarane ein avtale med Fylkesmannen om å utføre særskilde tilsyns- og skjøtelsesoppgåver. Store delar av det tradisjonelle slåttengsystemet vert såleis framleis hausta. Tilkomst med ferje og skyssbåt.

2.2.6 Nedbergo, Stigen og Breisnes

På Høgdegarden Nedbergo er det 2 bruk som utgjer eit viktig kulturmiljø og blikkfang i fjorden, men attgroinga og bygningsforfallet er aukande. Utan fast busetnad. På Stigen er det 2 bruk, på Breisnes 1. Både på Stigen og Breisnes bur det folk gjennom store delar av året. Stigen gard er ei turistverksemd som satsar på fot- og fjordturisten. Både Stigen og Nedbergo har til dels mykje jordbruksareal som står i fare for å gro att.

2.2.7 Randsonene til Nærøyfjorden verdsarvområdet

Randsonene er svært viktige for verdsarvområdet, både for å halde vedlike kulturlandskapet ved innfallsportane, og med direkte skjøtsel av kulturlandskapet med beitedyr inne i verdsarvområdet.

Det vert ført inn dyr i området frå mange gardsbruk spesielt frå Aurland kommune og Vik kommune, men også frå Voss og Lærdal kommunar. I tillegg kjem det dyr frå Radøy kommune til området kvar sommar. Totalt vert det registrert 3813 beitande dyr inne i Nærøyfjorden verdsarvområde som hovudsakeleg kjem frå bruk i randsonene.



Tufto i Nærøyfjorden (foto Tom Dybvad)

3. Eksisterande virkemiddel

¹Eksisterande virkemiddel omfattar både økonomiske, juridiske og administrative virkemiddel.

I dette avsnittet ser vi på dei viktigaste økonomiske virkemidlane som er knytt til landbruket sitt kulturlandskap, og gir ei vurdering av desse. Hovedvurderinga vert lagt på virkemidlane i landbruket. Vi kommenterer også kort viktigaste virkemidlane i miljøvern- og kultursektoren.

3.1 Landbrukspolitiske virkemiddel

Dei landbrukspolitiske virkemidla kan grovt delast inn i tre kategoriar; driftstilskot, investeringsvirkemidlar og prosjekt/tiltaksretta virkemiddel.

3.1.1 Driftstilskot

Produksjonstilskot

Produksjonstilskot i jordbruket omfattar dei viktigaste økonomiske virkemidla retta mot drift i landbruket. I verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap er det dei grovførbaserte husdyrproduksjonane som i størst grad påverkar kulturlandskapet, men frukt- og bærproduksjonane skaper òg markerte innslag i kulturlandskapet i delar av området.

Dei viktigaste tilskotsordningane for landbruksproduksjonen i verdsarvområde Vestnorsk fjordlandskap er sett opp i følgjande tabell:

Tilskotsordning	Formål	Virkeområde/tiltak
Areal- og kulturlandskapstilskot	Skjømte, vedlikehalde og utvikle kulturlandskapet gjennom aktiv drift.	Fulldyrka, overflatedyrka jord og innmarksbeite Arealtilskot differensiert på produksjonar.
Tilskot til dyr på utmarksbeite	Auka utnytting av utmarksressursane	Utmark
Tilskot til dyr på beite	Stimulere til auka beiting	Innmark og utmark
Husdyrtilskot	Styrke og jamne ut inntekter mellom ulike produksjonar og bruksstørrelsar i husdyrhaldet.	Berekna ut frå antal husdyr
Driftstilskot mjølkeproduksjon	Styrke økonomien i mjølkeproduksjonen, jamne ut forskjellar mellom ulike størrelsar på foretak og distrikt.	Tilskot pr. foretak med ku- og geitmjølkeproduksjon
Driftstilskot spesialisert storfeproduksjon	Stimulere storfekjøttproduksjonen og styrke økonomien i spesialisert storfekjøttproduksjon.	Berekna ut frå antal ammekyr i foretaket

Areal- og kulturlandskapstilskotet samt beitetilskota rettar seg direkte mot kulturlandskapspleien og skjøtsel av areal. Vilkår for å motta kulturlandskapstilskotet er

¹ Kap 3: Anne Berit Løset, Møre og Romsdal fylke

også at det ikkje vert gjort inngrep som er av betydning for kulturlandskapet sine verdiar. Husdyrtilskota og driftstilskot til mjølkeproduksjon og storfeproduksjon er tilskot som indirekte rettar seg mot skjøtsel av areal fordi dei stimulerer til dyrehald gjennom året, og såleis dannar viktig grunnlag for beiting og slått av jordbruksareala.

Regionalt miljøprogram

Gjennom tilskotsordninga med regionalt miljøprogram har alle fylke etablert tilskotsordningar som rettar seg mot dei viktigaste miljøutfordringane for jordbruket i sitt område.

Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal sine regionale miljøprogram har svært mange tilnærma like tilskotsordningar, men med noko ulike satsar. I tillegg har begge fylka nokre ordningar som ein ikkje finn hjå det andre.

Følgjande RMP-tilskot har både Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane:

- Tilskot til seterdrift med mjølkeproduksjon
- Tilskot til beitelag/organisert beitebruk
- Ekstra tilskot til husdyr på utmarksbeite
- Tilskot til drift av bratt areal brattare enn 1:5 (S&F tillegg ved brattare enn 1:3)
- Tilskot til stell av automatisk freda kulturminne
- Tilskot til sau og geit som beiter ute heile året

RMP-ordningar berre i Sogn og Fjordane:

- Tilskot til styrt beiting innmark
- Tilskot til beitedyr i verneområde
- Tilskot til steingardar og bakkemurar
- Tilskot til styvingstre
- Tilskot til artsrik eng og beite

RMP-ordningar berre i Møre og Romsdal:

- Tilskot til areal i soner med særleg verdifullt kulturlandskap
- Tilskot til dyrking av fôr i fjellet
- Tilskot til utsett jordarbeiding kornareal

Felles for begge fylka er at nesten alle tilskotsordningane rettar seg mot tiltak som motverkar den store utfordringa som knyter seg til attgroing og fokuserer på kulturlandskapsverdiar i landskapet.

I 2006 disponerte Møre og Romsdal 17 mill. til regionalt miljøprogram. Av dette var det berre 5% som ikkje var direkte retta mot attgroingsproblemet og skjøtsel av kulturminne.

Felles for både dei sentrale produksjonstilskota og tilskota gjennom regionalt miljøprogram er at dei berre rettar seg mot aktive landbrukseigedomar som er registrerte foretak i Einingsregisteret, eller har ei årleg omsetning over 30.000 kr. Dei som ikkje har registrerte foretak, og som skjøttar mindre areal gjennom slått og hald av få beitedyr, blir ikkje nådd av desse tilskotsordningane.

3.1.2 Investeringsstilskot

Virkemiddel som rettar seg mot investeringar er knytt opp til forskrift om bygdeutvikling, og dei viktigaste er:

- Tilskot til investeringar i faste anlegg og tilhøyrande produsjonsutstyr av varig karakter. Tilskot kan utgjere inntil 30% av kostnadsoverslag, avgrensa oppover til 600.000 kr pr søknad.

- Tilskot i form av reduksjon i avtalt rentenivå på lån til investeringsformål.

Næringsstrategien i M&R avgrensar tilskotet til 20% ved investeringar. Sogn og Fjordane har tilsvarande avgrensing av tilskotssats.

Formålet med BU-midlane er å legge til rette for næringsutvikling som danner grunnlag for langsiktig, lønnsam verdiskaping og desentralisert busetting med utgangspunkt i landbrukets ressursar generelt og landbrukseigedommen spesielt.

Det er Innovasjon Norge som forvaltar BU-midlane til investeringar. Når Innovasjon Norge vurderer prosjektsøknader vert det lagt til grunn at midlane skal brukast til å utvikle robust, lønnsamt og omstillingsdyktig landbruksrelatert næring. Det er ein føresetnad for finansiering at tiltak er bedriftsøkonomisk og samfunnsmessig lønnsame målt over prosjekta si totale levetid. Dette er også understreka i den nasjonale strategien for bruk av midlane: *"Lønnsomhet skal både vurderes i et samfunnsøkonomisk og i et bedriftsøkonomisk perspektiv. Dette innebærer at prosjekter som kan gi en samfunnsøkonomisk gevinst kan være støtteverdige selv om de på kort sikt ikke er bedriftsøkonomisk lønnsomme. Det må også tas hensyn til at landbruk er en langsiktig næring."*

3.1.3 Prosjekt-/tiltaksretta virkemiddel landbruk

Innanfor denne kategorien er det særleg tilskotsordninga Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) som er aktuell.

Tilskotsordninga SMIL har til formål å fremme natur og kulturminneverdiar ut over det som kan forventast gjennom ordinær drift.

I motsetning til produksjonstilskot og tilskot gjennom RMP, er ikkje SMIL-ordninga eit tilskot som er rettighetsbasert. Tiltak som ein ønskjer tilskot til må prosjekterast og søkjast på i kvart enkelt tilfelle. Kor vidt ein får tilskot gjennom denne ordninga er avhengig av løyvingane som kommunane rår over, og om tiltaket vert prioritert for løyving i konkurranse med andre søknader.



Kvandalseter, Geiranger (Foto Per Kristian Frøysa)

3.1.4 Vurdering av eksisterande landbrukspolitiske virkemiddel

Dei ordinære tilskotsordningane til drift, produksjonstilskot og RMP-tilskot, har formål som strekkjer seg mot dei same utfordringane som ein ser i verdsarvområdet: stell av kulturlandskapet og motvirke attgroing. I begge fylka er så godt som heile potten til regionalt miljøprogram retta inn mot dette. Samstundes ser vi at det ikkje er tilstrekkelege med økonomi i desse ordningane for å møte dei problema som vi ser i verdsarvområdet.

Landbruksforetaka innanfor verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap representerer i stor grad små foretak, der driftsapparatet i stor grad er slite og umoderne. Samstundes er dette foretak som har svak ryggrad til å bere investeringar. Mange av desse foretaka vil ha problem med å handtere auka kapitalkostnader i samband med investeringar. Dei fleste av desse små foretaka vil vanskeleg kunne få bedriftsøkonomisk lønnsemd både på kort og lang sikt ved kapitalkrevjande investeringar på vanlege vilkår.

For investeringar i landbruk i verdsarvområdet Vestnorsk fjorlandskap er det to hovedutfordringar:

- Vanleg brukt tilskotssats er for lav
- Foretaka har vanskar med å møte kravet om lønnsemd både på kort og lang sikt

Den viktigaste utfordringa for vidare aktiv landbruksdrift innanfor verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap er å oppretthalde ein tilfredstillande økonomi i drifta.

Oppsummert ser vi at dei tradisjonelle virkemidla som er utforma for landbruket både på drift og investering ikkje er tilpassa behova som bruka i verdsarvområdet har.

3.2 Virkemiddel i miljø- og kulturminneforvaltninga

Virkemidlane som miljøvernforvaltninga disponerer knyter seg til definerte område, og kan ha betydning for årleg skjøtsel av avgrensa areal der det er gode og detaljerte registreringar av miljøverdiar og som det er utarbeidd skjøtelsesplanar for.

Kulturminneforvaltninga disponerer òg ein del tilskotsordningar. Få av desse rettar seg mot driftstilskot, men er gjerne retta mot enkelttiltak. Tilskota rettar seg i hovudsak mot vern, sikring og vedlikehald av freda og særlig verdifulle kulturmiljø og landskap. Kulturminnefondet kan òg gi tilskot til eigarar av bevaringsverdige kulturminne og kulturmiljø for å stimulere til bevaring av desse.



Nedbergo, Aurlandsfjorden (foto Erling Opheim)

4. Målsettingar for landbruket og kulturlandskapet i verdsarvområda 2008-2012.

4.1 Geirangerfjorden og Nærøyfjorden

¹Det overordna målet for tiltaksplanen er å ta vare på, og vidareutvikle dei unike kulturlandskapsverdiane i verdsarvområda.

Kulturlandskapet er noko langt meir enn eit ope landskap. Kulturlandskapet skal ein både kunne sjå, høyre, lukte og smake. Det er berre beitedyr og aktive bønder som kan skape eit levande kulturlandskap. Det ville kanskje vere rimelegare å stille deler av verdsarven som parkområder, med bruk av rimeleg arbeidskraft. Parkar er storbyen sitt kulturlandskap. Verdsarven sitt kulturlandskap er skapt av bøndene si utnytting av naturressursane gjennom generasjonar, i stor grad foredla gjennom husdyrhald. Naturressursane i verdsarvområdet er lite egna til moderne, volumnbasert og kostnadseffektivt husdyrhald. For å ta vare på kulturlandskapet må vi difor etablere eit landbruk med ei anna overordna målsetting enn kostnadseffektiv produksjon av husdyrprodukt. Dette landbruket har vi kalla kulturlandbruket.

Målsettingar for kulturlandbruket:

- pleie kulturlandskapet med slått og beiting
- bruke moderne utstyr og driftsmetodar, men også vise tradisjonelle driftsformer
- ta vare på biologisk mangfald og kulturminne
- utvikle eit småskala husdyrhald, som tek vare på framtidsbøndene sine krav til arbeidsmiljø og fritid
- legge til rette for opplevingar, og utvikle gode reiselivsprodukt
- tilby lokalt foredla matvarer
- skape grunnlag for heilårsbusetnad
- ta vare på og formidle kunnskap om natur, kultur og driftsmåtar

4.1.1 Mål for kulturlandbruket i Geiranger

- utarbeide temakart kulturlandskap for heile Geiranger
- utarbeide skjøtselsplanar for spesielt verdifulle område
- ta i bruk alt prioritert kulturareal
- auke areal i drift frå 967 da til 1780 da
- doble talet på beitedyr frå 859 til 1720 dyr
- etablere berekraftige driftseiningar
- utvikle kulturbaserte reiselivsprodukt

4.1.2 Mål for kulturlandbruket i Herdalen

- oppretthalde seterdrifta og vidareutvikle fellesfjøset i tråd med behovet for kulturlandskapsskjøtsel
- oppretthalde drift av jordbruksarealet
- auke talet på mjølkegeit frå 277 til 400
- auke talet på beitedyr frå 583 til 800
- vidareutvikle dei kulturbaserte reiselivsprodukta

¹

Kap 4.1-4.1.4 Per Kristian Frøysa, Møre og Romsdal fylke

Kap 4.2.1-4.2.7 Roar Werner Vangsnes, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

4.1.3 Mål for kulturlandbruket på dei nedlagde fjord- og fjellgardane

- utarbeide skjøtselsplanar basert på tidlegare kartlegging av verdifulle areal (Storfjordprosjektet)
- etablere avtaler om kulturlandskapspleie med grunneigarar og Storfjordens Venner
- oppretthalde tal beitedyr i Oaldsbygda
- få inn beitedyr på fleire av fjord- og fjellgardane

4.1.4 Mål for kulturlandbruket i randsona

- oppretthalde drift av alt jordbruksareal i Norddal, Eidsdal, Stranda og Sunnylven
- oppretthalde talet på beitedyr

4.2 Generell målsetjing for kulturlandbruket i Nærøyfjordområdet

- Stoppe nedgangen i landbruksdrifta og deretter auke tal sau, geit og ku og areal i drift med ca 10%

4.2.1 Mål for kulturlandbruket i Undredal

- utarbeide temakart kulturlandskap for heile Undredalen
- utarbeide skjøtselsplaner for spesielt verdifulle område
- ta i bruk alt prioritert kulturareal
- oppretthalde seterdrifta og vidareutvikle fellesfjøset
- reetablere minst 1 berekraftig driftseining
- vidareutvikle kulturbaserte reiselivsprodukt

4.2.2 Mål for kulturlandbruket i Nærøydalen

- utarbeide temakart kulturlandskap for heile Nærøydalen
- utarbeide skjøtselsplaner for spesielt verdifulle område
- oppretthalde drift av jordbruksarealet
- oppretthalde talet på storfe i området
- vidareutvikle dei kulturbaserte reiselivsprodukt

4.2.3 Mål for kulturlandbruket på Bakka

- kartlegge dei mest verdifulle kulturareala
- utarbeide skjøtselsplaner
- reetablere minst 1 driftseining
- utvikle kulturbaserte reiselivsprodukt i grenda



Bakka i Nærøyfjorden (Foto Tom Dybvad)

4.2.4 Mål for kulturlandbruket i Dyrdal

- kartlegge dei mest verdifulle kulturareala
- utarbeide skjøtselsplanar
- etablere aktiv landbruksdrift på minst ein av dei nedlagte gardane i grenda

4.2.5 Mål for kulturlandbruket på Styvi

- vidareføre etablerte avtalar om kulturlandskapspleie med grunneigarar på Styvi
- vidareutvikla skjøtselplanane som ein har i dag
- kartlegge dei mest verdifulle kulturareala
- vidareutvikle det kulturbaserte reiselivsproduktet

4.2.6 Mål for kulturlandbruket på Stigen, Nedbergo og Breisnes

- kartlegge dei mest verdifulle kulturareala
- utarbeide skjøtselsplanar
- vidareutvikle det kulturbaserte reiselivsproduktet på Stigen

4.2.7 Mål for kulturlandbruket i randsona

- oppretthalde drift av alt jordbruksareal i Vik, Voss, Aurland og Lærdal

5. Tiltaksplan for kulturlandskapet

Kulturlandskap har vorte eit populært begrep som vert brukt i mange forskjellige samanhengar. I vidaste forstand omfattar det alt landskap som er påverka av menneske, men i dag blir begrepet kulturlandskap først og fremst brukt om landbruket sitt kulturlandskap. Det er ei slik avgrensing denne rapporten tek utgangspunkt i.

5.1 Geirangerfjorden og Nærøyfjorden

¹Dei aktive bøndene i verdsarvområdet rundt Geiranger- og Nærøyfjorden har alle same krav til å halde fram med sitt husdyrhald. Det må skapast ein økonomi i kulturlandbruket, som er konkurransedyktig med satsing på reiseliv, og arbeid utanom bruket. I tillegg legg dei fleste vekt på at det må leggjast til rette for samarbeid mellom fleire bruk for å få skape eit fellesskap, og praktiske forhold for avløyning og fritid. Dette blir i endå sterkare grad vektlagt av yngre grunneigarar, som vurderer å vere med i nyetableringar for husdyrhald.

Det aller viktigaste tiltaket for å nå oppsette mål er difor å skaffe eit økonomisk fundament for vidare drift, og grunnlag for nyetableringar. Tiltaksplanen legg til grunn at det økonomiske fundamentet blir lagt ved løyvingar over statsbudsjettet. Det blir foreslått eit kulturlandskapsbidrag, som skal stimulere direkte til å oppnå måla for kulturlandbruket.

For å stimulere til heilårsbusetnad, og utnytting av alt kulturarealet i dei to områda, er det viktig å framleis ha ein bruksstruktur med relativt små husdyreiningar. Det er sjølvstekt heilt urealistisk å få tilbake aktiv drift på alle landbrukseigedomane i området. Det ville krevje altfor store økonomiske og menneskelege ressursar, og gjere det umogeleg å etablere tilfredsstillande ferie og fritidsordningar.



Nedre Stigen gard i Aurlandsfjorden (foto Tom Dybvad)

¹ Kap 5.1-5.1.4 Per Kristian Frøysa, Møre og Romsdal fylke

5.1.1 Tiltaksplan for Geiranger

I Geiranger er landbruket så sterkt redusert gjennom dei siste 20 åra, at vi må gjennom ein fase med reetablering for å få aktivitetsnivå og dyretal opp på eit nivå som gjer landbruket i stand til å ivareta kulturlandskapet i verdsarvområdet. Det er berre ein aktiv bonde under 40 år. Eigedomsstrukturen er uendra sidan krigen, og det er ikkje investert i driftsbygningar siste 25 år. Alle investeringar på landbrukseigedomar i perioden har gått til oppbygging av reiselivsverksemdar.

Skal vi oppnå måla for kulturlandbruket i Geiranger, må ein både oppretthalde og utvide drifta på eksisterande bruk, og i tillegg få tilbake drift på bruk som har lagt ned drifta siste åra. Dette blir eit tungt løft, både med omsyn til økonomi og motivasjon. Økonomien har vore så dårleg i landbruket, at alle brukarane er svært skeptisk til å satse midlar til investering i husdyrhald, i konkurranse med reiseliv. Dei er skeptisk til eit inntektsgrunnlag basert på politisk vilje til satsing på kulturlandskapet i framtida. Difor er dei også redd for å gjere tunge langsiktige investeringar. Den økonomiske risikoen må difor reduserast med spesielle investeringstilskot til driftsbygningar.

Med bakgrunn i signal frå grunneigarane, ser vi det som realistisk med fylgjande investeringar i driftsbygningar:

- 1-2 nye driftsbygningar i Flydal-Ørjaseter-Opplenskedal, for mjølkeproduksjon, gjerne basert på gamle kuraser.
- 1 ny driftsbygning på Vinje for Meråk, Vinje, deler av Hole og Vesterås, for sau og ammegeit .
- 1 ombygging av eksisterande driftsbygning på Hole for deler av Hole og Vesterås, for sau.
- 1 ny eller ombygging av driftsbygning på Gjørva, for sau og ammeku.

2-3 av bygningane vil det vere mest aktuelt å byggje basert på eit fellesskap mellom fleire bruk, med meir og mindre aktive grunneigarar.

Driftsbygningane må dimensjonerast for det dyretalet som ligg i målsettingane for tiltaksplanen og tilpassast det landskapet som skal takast vare på.

Skjøtselsplanar

Det er utarbeidd skjøtselsplan for Møllstunet og kulturareala på Møll og Grande. Grunneigarane på Grande og forpaktaren på Møll er viljuge til å gjennomføre planen, dersom økonomien blir sikra gjennom kulturlandskapsbidrag.

Skogrydding

Skog som i dag er til hinder for utsikt langs vegar og andre ferdselsårer, eller som står på verdifulle kulturmark må fjernast. Etter rydding må areala pleiast ved slått eller beiting for å halde gjenveksten nede. Arealane skal kartleggjast i temakartet for kulturlandskapet, og ryddinga finansierast over kulturlandskapsbidraget.

Kulturminne

Kulturlandskapet omfattar eit vidt spekter av menneskeleg påverknad, frå jegerkulturar med lite kulturpåverka område, via beitelandskap og jordbrukslandskap til tettstader og bylandskap som nesten heilt er menneska sitt verk.

Kulturminne i verdsarvområdet finn vi såleis både i utmark, innmark, i tun og tettstader. I tillegg til alle kulturminne som finst i landbrukets kulturlandskap vil vi i tun og tettstadene finne kulturminne som våningshus, driftsbygningar, naust, kyrkje, bygningar og anlegg for reiseliv og handel, eldre kraftstasjon for å nemne nokre.

Det vart gjennomført SEFRAX-registreringar i området på 1980-talet. Desse registreringane er til dels gamle og gir ikkje oversikt over tilstanden på dei kulturminna som finst. Vi har difor ikkje grunnlag for å vurdere og anslå kva midlar som trengst for

istandsetting og vedlikehald av kulturminne generelt. Vi vurderer likevel at dette vil vere betydelege summar.

Gjennom arbeid med tettstadanalyse for Geiranger sentrum har ein nyleg gjort nyregistreringar av kulturminne (delvis basert på tidlegare kulturminneregistreringar som SEFRAK) innan tettstodområdet. I dette arbeidet legg ein no grunnlag for å seie noko om verneverdi og vedlikehaldstilstand. Dette arbeidet danner vidare grunnlag for seinare vurderingar av behov for vedlikehald og kostnader knytt til dette.

Når ein i denne tiltaksplanen snakkar om kulturbidrag, har vi kome til at dette i denne omgang må gjelde tiltak i landbruket sitt kulturlandskap utanom tun og tettstader. Grunnlaget for å seie noko om behovet for midlar til kulturminne generelt er for svakt, og vil krevje registreringar som ein ikkje har funne rom for i ein kort og svært avgrensa forprosjektperiode.

Det er likevel gjort eit anslag over behovet for midlar til kulturminne i landbrukets kulturlandskap. Vi har mellom anna teke utgangspunkt i søknaden som Møre og Romsdal fylke sende til Riksantikvaren for 2007 for å anslå behovet for kulturbidrag.

5.1.2 Tiltaksplan for Herdalen

Eit aktivt setermiljø er heilt avgjerande for å ivareta det unike kulturlandskapet i Herdalen. Det er igjen berre 3 aktive seterbruk med mjølkegeit, og 3 andre bruk med storfe, hest og sau som bruker stølsområdet. Framtida på alle bruka er utrygg på grunn av dårleg driftsøkonomi, og manglande økonomisk evne til nødvendig fornying av driftsapparatet.

For å nå måla for kulturlandbruket i Herdalen, må driftsøkonomien styrkjast gjennom kulturlandskapsbidrag. Det må investerast i modernisering og utviding av driftsbygningane på alle geitebruka, eller byggjast ein felles geitfjøs nede i Dalsbygda.

Fellesfjøsene i Herdalen treng nytt tak, tilrettelegging for besøkande, og det må byggjast røktarbustad. Alle tiltak må tilpassast kulturmiljøet og landskapet.

5.1.3 Tiltaksplan for dei nedlagde fjord- og fjellgardane langs Storfjorden

Fjord- og fjellgardane representerer det aller mest særmerkte kulturlandskapet i verdsarvområdet. Då gardane var i aktiv drift strekte kulturlandskapet seg frå fjord til fjell. Det meste av utmarksareala er no attrodd med skog, som det er urealistisk å pleie som kulturlandskap. I tunområda og på andre sentrale innmarksareal er det viktig å stoppe gjengroinga, og gjenskape deler av kulturlandskapet.

Det er under utarbeiding ein skjøtelsplan for Skageflå, og det bør lagast skjøtelsplanar for kulturlandskapet på alle dei andre fjord- og fjellgardane. Med bakgrunn i desse planane bør det opprettast skjøtelsavtale med grunneigarane eller Storfjordens Venner for slått og beiting av dei viktigaste kulturareala, finansiert over kulturminnebidraget.

5.1.4 Tiltaksplan for randsonene rundt Geirangerfjorden

For å nå måla for kulturlandbruket i randsonene må driftsøkonomien betrast gjennom beitebidrag til alle beitedyr som beiter inn i verdsarvområdet.

Det må også inn investeringsbidrag for å skape økonomisk grunnlag for naudsynt fornying av driftsapparatet, og gjenskape optimismen hos unge brukarar.

For å sikre kulturlandskapet i Indreeidsdalen, må to driftsbygningar for småfe på Indreeide ombyggjast og moderniserast.

5.1.5 Tiltaksplan for Undredal

¹Landbruket i Undredal har dei seinare åra minka ved at fleire bruk er lagt ned. På same tid har det vore eit felles krafttak gjennom bygging av fellesysteri og fokus på saneringsarbeidet innan mjølkegeitproduksjonen. Difor har det vorte investert større summar inn i nokre av bruka. Det er likevel eit behov for å sikre at den livskraftige landbruksproduksjonen held fram med nyinvesteringar både til bygningar og i høve auka dyretal som er med å sikre produksjonen i framtida.

Undredal har svært mange bratte teigar som framleis vert slått med ljà. Gardbrukarane vil gjerne halde fram med halde desse teigane i hevd, men "mangel på hender" er den største utfordringa. Ein verdifull ressurs er også dyrkingsareala langs fjorden som ligg eksponert mot den store trafikkstraumen av turistar. Her vert foret frakta attende med båt.

For å nå måla for kulturlandbruket i Undredal må driftsøkonomien styrkjast gjennom kulturlandskapsbidrag, og det må investerast i modernisering og utviding av driftsbygningane på geitebruka. Det vil også vera viktig i samband med reetablering av bruk som er gått ut av drift, men som lett kan kome attende i ny aktivitet.

5.1.6 Tiltaksplan for Nærøydalen

Nærøydalen er inne i ei tid der fleire av bruka er i ferd med å legge ned drifta. Her trengst det større investeringar for å kunne oppretthalde storfehaldet som har vore den viktigaste landbruksproduksjonen fram til i dag. Dette vil også vera viktig i høve til å kunne gi motivasjon og eit økonomisk fundament for å kunne ta over desse forholdsvis lettdrive gardane i Nærøydalen. Målet er å kunne få til reetablering av bruk som nyleg er lagde ned. Då vil det vera viktig å sjå på korleis gode investeringsordningar kan vera med å redde gardbruka som ligg innanfor verdsarvområdet.

5.1.7 Tiltaksplan for Bakka

På Bakka er det i dag 2 forholdsvis store mjølkegeitproduksjonsbruk. Eit ynskjemål er å få lov til å auke produksjonen gjennom auka dyretal og ikkje minst auka mjølkekvote. Det er samstundes eit behov for nyinvesteringar på bygningane, og gjennom gode ordningar vil målet om reetablering av minst ei aktiv driftseinig kunne realiserast. Bakka ligg også godt til rette for å starta opp med kulturbasert reiseliv, noko som vil vera med å styrke økonomien på bruka.

5.1.8 Tiltaksplan for strand- og høgdegardane i Nærøyfjorden


På Styvi har det vore gjennomført ein partnarskapsavtale mellom fylkesmannen og grunneigar sidan 2003 om skjøtsel av kulturlandskapet i området frå Styvi til Holmo. Denne har fungert bra, og må fornyast og vidareførast.

I Dyrdal som ikkje har fast landbruksdrift i dag, vil ein jobbe for reetablering av minst ei landbrukseining. Det vil også vera aktuelt å stimulere til å auka beitetrykket ved at andre bruk slepp dyr på beite i området.

På same måten som på Styvi må det utarbeidast skjøtelsplanar for Dyrdal, Breisnes, Stigen og Nedbergo. Med bakgrunn i denne kartlegginga bør det opprettast

¹ Kap 5.1.5-5.1.8 Roar Werner Vangsnes, fylkesmannen i Sogn og Fjordane

skjøtselsavtale med grunneigarane for slått og beiting av dei viktigaste kulturareala, finansiert over kulturminnebidraget.



Stølshus på Hjølmo i Dyrdal (Foto Tom Dybvad)



Tun på Skageflå, Geirangerfjorden (Foto Per Kristian Frøysa)

5.2 Skjøtsel av kulturminner, biologisk mangfold og eldre driftsformer i Geirangerfjorden og Nærøyfjorden

¹Opprettholdelse av et levende landskap og ivaretagelse av landskapskvalitetene i verdensarvområdet Geiranger og Nærøyfjorden, er en krevende oppgave. En god forvaltning av et slikt innholdsrikt småskalalandskap innebærer ikke bare sikring av bosettingen og skjøtsel av noen enkeltelementer som et naturbeite eller en gammel bygning, men av *helheten*, det vil si av mangfoldet av kulturminner og verdifulle kulturmarker inklusive sammenhenger og nettverk av bl.a. vei- og åkerkanter. Dette forutsetter at skjøtselen ikke blir kulissepreget, men virkelig tar vare på kulturlandskapets dimensjoner i tid og rom. Det er derfor bonden er den viktigste forvalteren av det norske kulturlandskapet. Å ivareta småskalapreget, kulturminnene, det biologiske mangfoldet, de estetiske kvalitetene og opplevelsesverdiene i dette landskapet uten husdyrbruket som har formet det, vil være en umulig oppgave.

En vellykket forvaltning av verdifulle kulturlandskap forutsetter god planlegging, en betydelig ekstra arbeidsinnsats særlig i landbruket og samarbeid i bygda. Man må kjenne verdiene som man forvalter, hvor i landskapet de finnes og hva som skal til for å ivareta dem. Både kulturminneskjøtsel og skjøtsel av gamle kulturmarker og biologisk mangfold krever fagkunnskap, kunnskap om lokale tradisjoner, interesse og kontinuerlig oppfølging.

For å opprettholde Geirangerfjorden og Nærøyfjorden's kvaliteter vil det være nødvendig med en helhetlig planlegging av forvaltningen. Den bør omfatte generelle tiltak som

- slått av veikanter, åker- og engkanter, knauser m.v. til "riktig" tid
- skjøtsel av en del elve- og bekkeløp/kanter
- vedlikehold av bakkemurer, steingarder, rydningsrøyser og andre tekniske kulturminner
- styving av gamle styvingstrær som har spesiell betydning for landskapsbildet
- ivaretagelse av gamle frukttrær
- vedlikehold av gamle ferdselsårer

I tillegg bør planleggingen omfatte driftsplaner/miljøplaner/skjøtselsplaner for de enkelte gårdene med mer detaljert planlegging av ivaretagelse av kulturminner som gamle

¹ Kap 5.2 Ann Norderhaug, Bioforsk

bygninger og kulturmarker med stort biologisk mangfold m.v. Ved for eksempel skjøtsel av artsrik, gammel beitemark må både husdyrslag, beitetidspunkt og beitetrykk vurderes i forhold til de verdier som skal ivaretas.

6. Forslag til nye økonomiske virkemidler

6.1 Kulturlandskapsbidrag

¹Dei virkemidlane vi rår over innan landbruk, miljø og kultur er ikkje tilstrekkeleg til halde kulturlandskapet i verdsarvområda i hevd.

Tiltaksplanen legg difor til grunn at det må til ei ekstra overføring av midlar frå samfunnet til dei som skal pleie kulturlandskapet, for å få ei samfunnsmessig forsvarleg forvaltning av kulturlandskapsverdiane.

Det blir foreslått å opprette ei eiga ordning med kulturlandskapsbidrag for verdsarvområda. Kulturlandbruksbidraget skal gje eit økonomisk fundament som gjer det interessant for bønder og grunneigarar å satse på ei framtid som landskapspleiar. Det skal løfte eigedomar som ikkje lenger er økonomisk drivverdige opp på eit nivå som gjer det interessant å drive eit kulturlandbruk, der tilrettelegging for eit mangfald av opplevingar knytt til kulturlandskapet er det overordna målet.

For å kunne innrette bidraget direkte mot samfunnet sine mål for kulturlandskapet, blir det foreslått kanalisert gjennom fire ordningar.

6.1.1 Arealbidrag

Med bakgrunn i overordna forvaltningsplanar, og faglege kriterium for skjøtsel av verdifullt kulturlandskap, skal det utarbeidast temakart over verdsarvområda. Kulturlandskapskartet skal basere seg på ortofoto, og kartfeste alle kulturareal som samfunnet ynskjer å ta vare på.

Drift og skjøtsel av desse areala skal sikrast gjennom eit arealbidrag. Landbruksareala får dermed ein auka avkastingsverdi som kulturareal, i tillegg til den tradisjonelle produksjonsverdien for matproduksjon. Bidraget skal vere ei samfunnslønn for å pleie landskapet i samsvar med dei målsettingar som blir vedtekne for kulturlandbruket.

Det må utarbeidast eit regelverk for pleie av kulturlandskapet, etter same mal som for økologisk landbruk, der det blir stilt klare krav til drifta av kulturareala for å få arealbidraget. For å gjere det økonomisk lønsamt å pleie dei mest arbeidskrevjande areala, må arealbidraget graderast etter arbeidsmengde med slått, innhausting og beiting. Det blir difor foreslått tre bidragsklasser:

- K1: Lettdrive kulturareal som kan haustast maskinelt med moderne slåtteutstyr som skiveslåmaskin og rundballepresse.
- K2: Tungdrive kulturareal som kan haustast med spesialutstyr for brattlendte bruk.
- K3: Svært tungdrive areal som på grunn av hellingsgrad og/eller arrondering berre kan haustast manuelt med motorslåmaskin og ljà

Arealbidraget blir foreslått utbetalt til grunneigaren eller brukaren av arealet.

¹ Kap 6 Per Kristian Frøysa, Møre og Romsdal fylke



Hole i Geiranger (Foto Per Kristian Frøysa)

6.1.2 Beitebidrag

Kulturlandskapet i området er skapt av husdyrbruk, og det er ingen tobeinte som kan konkurrere med dei firbeinte i landskapspleie. Beitedyr skaper liv i kulturlandskapet, og er heilt nødvendig for å unngå total gjengroing av utmarka. Tiltaksplanen tilrår difor eit beitebidrag som skal sikre nok beitedyr til å ta vare på dei viktigaste kulturlandskapsområda. Beitebidraget kan nyttast målretta for å styre beitedyr til dei område der det gjer mest nytte for seg i kulturlandskapet.

Ein kan til dømes stimulere til at det skal gå ein del småfe på beitemark nede i Møllsbygda i Geiranger midt på sommaren. Det gjev liv i landskapet, turistane får høyre bjelleklangen, og det blir skapt ei flott ramme rundt tilbod om lokalt foredla husdyrprodukt.

Beitebidraget blir foreslått utbetalt til husdyreigaren.

6.1.3 Kulturbidrag

For å kunne ta vare på spesielle kulturlandskapselement og kulturlandskapsverdiar blir det foreslått å innføre eit eige kulturbidrag.

Kulturbidraget skal gjere det økonomisk interessant å ta vare på samfunnsverdiar som er viktige for heilskapen og mangfaldet i kulturlandskapet, og vil omfatte:

- restaurering og vedlikehald av bygningar som kvernhus, utløer og gardfjøsar
- restaurering av viktige kulturlandskapselement som steingardar og bakkemurar
- restaurering og vedlikehald eldre ferdslårer
- spesiell skjøtsel for å ivareta biologisk mangfald og trua arter
- spesiell drift for å vise historiske driftsmåtar, ta vare på styvingstre og frukthagar

- skogrydding for å få fram igjen viktige kulturareal, kulturelement og utsikt

Kulturbidraget blir foreslått utbetalt til grunneigaren, basert på spesielle avtaler, miljø- og skjøtelsesplanar.

6.1.4 Investeringsbidrag til kulturlandbruket

I deler av verdsarvområda, særleg Geiranger, må det til betydelege investeringar i driftsbygningar og maskiner for å få landbruksproduksjonen opp att på eit nivå som gjer det mogeleg å ta vare på kulturlandskapet. Grunneigarane er skeptiske til å gå inn i tunge langsiktige investeringar basert på årlege statlege løyvingar. Tiltaksplanen tilrår difor eit spesielt investeringsbidrag til kulturlandbruket.

Investeringsbidraget bør innrettast slik at ein også oppnår andre viktige mål for verdsarvområda knytt til bruksstruktur og fast busetnad.



Lauvingstre som treng lauving på Holmo (Foto Tom Dybvad)

6.2 Finansiering

Målsettinga med bidraga til kulturlandbruket er landskapspleie, der matproduksjonen i økonomisk forstand er eit biprodukt, som berre delvis kan vere med å betale for landskapspleia. Det er det norske samfunn og reiselivet som tek ut gevinsten av den samfunnsverdien som blir skapt gjennom eit velstelt kulturlandskap. Bidraga til kulturlandbruket må difor finansierast gjennom ei særskilt statleg løyving til verdsarvområda. Det er naturleg at alle departement med forvaltnings- og næringsinteresser knytt til kulturlandskapet blir med på eit spleiselag for å skaffe det økonomiske fundamentet, og gje føringar for å oppnå sine mål i kulturlandskapet.

Kulturlandskapet i verdsarvområda, særleg i Geiranger, er i sterk attgroing. Dei tilrådde ordningane må difor etablerast raskt, og dei må vere forutsigbare og langsiktige.

6.3 Andre virkemiddel

For alle med driftseiningar som tilfredsstiller krava til gjeldande landbrukspolitiske virkemiddel, skal desse virkemidla kunne brukast uavkorta i tillegg til kulturlandbruksbidraga.

6.4 Geografisk område

Kulturlandbruksbidraget blir foreslått for verdsarvområda Vestnorske Fjordlandskap og Vegaøyan. Areal- og kulturbidraga kan utbetalast til kartlagde areal og registrerte kulturverdiar innanfor verdsarvgrensene. Beitebidraget skal utbetalast for alle husdyr som beiter i verdsarvområda, også for dyr frå bruk som ligg utanfor verdsarvgrensene. Investeringsbidraget er tenkt til driftsbygningar innanfor verdsarvgrensene, og på bruk i randsonene med husdyr som er heilt avgjerande for landskapspleia i verdsarvområda. Dette gjeld t.d. bruk i Norddal og på Indreeide som står for all kulturlandskapspleie i verdsarvområda Herdalen og Indreeidsdalen.

Kulturlandbruksbidraget må seinare vurderast utvida til å gjelde randsonene, og innfallsportane til verdsarven, for å unngå nedbygging av landbruket i desse områda.

6.5 Administrasjon

Regelverk og forskrifter for kulturlandskapsbidraget må fastsetjast i samarbeid mellom dei involverte departementa, slik at alle interessene i kulturlandskapet vert ivaretatt. Administrasjonen av ordninga bør samordnast med administrasjonen av dei landbrukspolitiske virkemidla. Landbruksforvaltninga på fylke- og kommunenivå sit med kompetanse, administrative system og rutinar til raskt å kunne setje i verk ei målretta forvaltning av kulturlandskapsbidraget.



Opplenskedal og Flydal med Møllsbygda i bakgrunn, Geiranger (FotoPer Kristian Frøysa)

7. Økonomiske konsekvensar av tiltaksplanen

¹ Økonomi er viktig for vidare landbruksdrift i verdsarvområda, og eit fundament for god skjøtsel av kulturlandskapet. Dette vert stadfesta gjennom samtalar med brukarane. Mange av dei aktive nemner at det må vere like god økonomi i landbruksdrifta som i andre næringar for at det skal vere interessant å oppretthalde landbruksdrifta i verdsarvområdet. Mange av bruka har andre næringar i tillegg til landbruk. Gardsturisme, maskinkjøring, rekneskapsføring, snekring og muring er døme på næringar bøndene har i tillegg til landbruksdrifta. I tillegg har både bønder og ektefeller i større eller mindre grad løna arbeid. Betaling per time i desse andre næringane ligg 2-4 gonger høgare enn timeløn i jordbruksdrifta. Rekneskapsanalyse blant 5 av dei 7 aktive brukarane i Geiranger viser ein lønsevne per time på om lag kr 50. Betaling for andre næringar viser mellom kr 130 og kr 230 pr time. Målsetjinga med tiltaka for kulturlandbruket, er at det skal verte like lønsamt å nytte arbeidskrafta i jordbruket som i andre næringar som konkurrerer om arbeidskrafta. Utgangspunktet for tiltaka er å heve lønsemda i jordbruket til kr 150 per time. Dei føreslegne tiltaka og storleiken på desse er tilpassa ei lønsemd i jordbruket i tråd med målsetjinga.

7.1 Arealbidrag

Målsetjinga med arealbidraget er å ha eit veldrive landskap i verdsarvområda. Arealbidraget er delt inn 3 klassar etter estimert arbeidsforbruk ved skjøtsel. Arealbidraget rekna ut frå dei føresetnadene omtalt ovanfor, er utrekna til kr 1,1 millionar kroner for verdsarvområdet Geirangerfjorden. Dette er basert på areal som var i drift i 2006, i alt vel 1 100 dekar. Framtidig målsetjing er å ta i bruk alt landbruksareal registrert i landbruksregisteret. Dette utgjer vel 900 dekar, og målsetjing for framtida vert vel 2 000 dekar. Ved å setje i drift det brakklagde arealet, vil arealbidraget auke med 1,1 mill. kroner årleg, til saman 2,2 mill. kroner for verdsarvområde Geirangerfjorden. For verdsarvområde Nærøyfjorden er arealbidraget utrekna til 1,1 mill. kr basert på arealet i 2006. I alt er 1 700 dekar jordbruksareal omfatta av bidragsordninga og det er målsetjing om at dette skal auke med ca 10% med dei planlagte tiltaka fram mot 2012.

7.2 Beitebidraget

Beitebidraget skal sikre eit dyrehald som er tilfredsstillande for å oppnå eit passande beitetrykk i verdsarvområdet. Dette bidraget er todelt. For småfe, sauer og geiter, blir det utbetalt kr 400 per beitedyr. For storfe og hest blir det utbetalt 4 gonger så stort bidrag. Grunngeving for denne inndelinga er gjort ut frå ei skjønnsmessig vurdering av dyra si evne til kulturlandskapspleie basert på fôropptak. Storleiken på beløpet for grunnbidraget er vurdert for å oppnå tilfredsstillande lønsemd i kulturlandbruket. For beitedyr som beitar delvis i randsoneområdet, er det sett halv sats. For beitedyra i 2006 vil beitebidraget for Geirangerfjorden inkludert randsone utgjere kr 1,7 mill. kr basert på 5 500 beitedyr. Framtidig målsetjing er ein auke til 6 700 beitedyr. Beitebidraget vil då auke til 2,3 millionar kroner årleg. For Nærøyfjorden vil beitebidraget utgjere 1,6 millionar kroner årleg basert på 1 900 beitedyr med driftssenter i verdsarvområdet og 3 800 dyr som delvis beitar inne i området. Også her er det målsetjing om å auke dyretalet med ca 10% gjennom dei planlagde tiltaka.

¹ Kapittel 7: Torbjørn Haukås, NILF

7.3 Kulturbidrag

Kulturbidraget vil vere basert på skjøtelsplan for bruka i verdsarvområda. Omsyn til biodiversitet, spesielle biotopar, bygningar og liknande kan vere døme på element i kulturlandskapet som løyser ut kulturbidrag. Det aller meste av skjøtsel er likevel tenkt dekkja gjennom areal- og beitebidrag og skjøtsel av areala gjennom dette.

Kulturbidraget for kvar av dei to verdsarvområda Geirangerfjorden og Nærøyfjorden er stipulert til 1 million kroner årleg for kvart av områda.

7.4 Investeringsbidrag

For å redusere risiko og stimulere til nye fjøs for kulturlandbruket i verdsarvområda, er det føreslege eit investeringsbidrag som er 40 % av investeringskostnad. Eventuelle tilskot frå Innovasjon Noreg eller kommunale næringsfond vert trekte frå. Bidraget er avgrensa til langsiktige investeringar i bygningar.

For Geiranger gjeld dette oppgradering av 3 fjøs og 4 nybygg innafor verdsarvområdet, og eit nybygg og 3 oppgraderingar av fjøs utanfor området. Desse fjøsa er heilt avgjerande for å få nok beitedyr inn i verdsarvområdet. Samla trong for investeringar i bygningar i Geirangerfjorden er utrekna til 28,9 millionar kroner for perioden fram til 2012. Med investeringsbidrag på 40 % fordelt over fem år, vert årleg bidrag 2,3 millionar kroner.

For Nærøyfjorden gjeld bidraget oppgradering av i alt 9 fjøs innafor verdsarvområdet. Dette er kostnadsrekna til 9 millionar kroner. Investeringsbidraget på 40 % over 5 år vert då 0,7 millionar kroner årleg.

7.5 Samla bidrag

Samla bidrag for verdsarvområde Geirangerfjorden vil etter denne planen utgjere 6,15 millionar med aktivitetsnivå på linje med 2006. Ved oppfylling av målsetjingar om auka areal i drift og fleire dyr i området, vert bidraget på 7,8 millionar kroner årleg.

For Nærøyfjorden vert samla bidrag 4,4 millionar kroner. Ved å ta i bruk potensial areal, aukar bidraget til 4,7 millionar kroner årleg.

	Geirangerfjorden		Nærøyfjorden	
	2008	2012	2008	2012
Arealbidrag	1 140 000	2 240 000	1 080 000	1 180 000
Beitebidrag	1 710 000	2 310 000	1 610 000	1 750 000
Kulturbidrag	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Investeringsbidrag	2 300 000	2 300 000	700 000	700 000
Sum kulturlandskapsbidrag	6 150 000	7 850 000	4 390 000	4 630 000

For å sikre at målsetjinga vert oppnådd, vil det bli utarbeidd føringar for skjøtsel av areala gjennom skjøtelsplanar for å løyse ut arealbidraget. Det skal sikrast at alt areal vert skjøtta i tråd med intensjonane gjennom forskrifter. Ein vil gjennom dette sikre at vegkantar vert slegne og at det vert pussa inntil gjerde, tre og andre element i terrenget. På grunnlag av dette, er det rekna med eit auka arbeidsforbruk på 15 %.



TEIKNFORKLARING

Legend

- Verdsarvområde
World Heritage Site
- Naturvernområde
Protected Landscape Area
- P Parkering
Parking
- i Turistinformasjon
Tourist Information
- ✈ Flyplass
Airport
- ☺ Servering
Café/restaurant
- 🛏 Overnatting
Accommodation
- 🏕 Campingplass
Camping
- 🛖 Utleiehytter
Cabins for rent
- 🛖 Sjølvbetjent turisthytte
Tourist Cabin, self service
- 📍 Utsiktspunkt
Viewpoint
- 🎡 Attraksjon
Attraction
- 🏠 Fjordgard
Fjord farm
- 🌊 Foss
Waterfall



Formgiving og digital kartografi:
Gleivstø kart-tenester, www.kart-tenester.no
Digitale kartdata: Statens kartverk N250
Tilskudd nr. MAD12002-R125240



TEIKNFORKLARING

Legend

- Verdsarvområde
World Heritage Site
- Naturvernområde
Protected Landscape Area
-  Verdsarvsenter
World Heritage information Center
-  Turistinformasjon
Tourist information
-  Flyplass
Airport
-  Servering
Café/restaurant
-  Overnatting
Accommodation
-  Campingplass
Camping
-  Utleiehytter
Cabins for rent
-  Betjent turisthytte
Tourist Cabin, staffed
-  Utsiktspunkt
Viewpoint
-  Attraksjon
Attraction
-  Fjordgard
Fjord farm
-  Foss
Waterfall



Formgiving og digital kartografi:
Gisveth kart- og tjenester, www.kart-og-tjenester.no
Digitale kartdata: Statens kartverk N250
Tilskudd nr. MAD12002-R125240

VESTNORSK FJORDLANDSKAP GEIRANGERFJORDEN

Kulturlandskapsbidrag

Per Kristian Frøysa

AREAL OG DYRETAL 2006

	Jordbr.a.	Dyretal	Beitedyr
GEIRANGER	967	497	859
HERDALEN	162		583
RANDSONENE			3 607
VESTNORSK FJORDLANDSKAP NORD	1129	497	5049

AREAL OG HUSDYRTILSKOT 2006

	Arealtilskot kr/år	Husdyrtilskot kr/år	Beitetilskot kr/år	SUM AHB kr/år
GEIRANGER	557 646	323 157	119 163	999 966
HERDALEN	61 236		93 588	154 824
RANDSONENE			456 049	456 049
VESTNORSK FJORDLANDSKAP NORD				1 610 839

NYE AREAL OG BEITEBIDRAG 2008

AREALBIDRAG

	kr/da/år
K1 Lettdreve kulturareal	400
K2 Tungdreve kulturareal	800
K3 Svært tungdreve kulturareal	2000

Kan haustast maskinelt med moderne utstyr
 Kan haustast maskinelt med spesialutstyr for bratt lende
 Må haustast manuelt med ljà eller motorslåmaskin

BEITEBIDRAG

	Storfè kr/dyr/år	Småfè kr/dyr/år
Alt beiteareal i verdsarvområdet	1 600	400
Deler av beitearealet i verdsarvområdet	800	200

KULTURLANDSKAPSBIDRAG	Areal- bidrag kr/år	Beite- bidrag kr/år	SUM AB kr/år	Kultur- bidrag kr/år	Investerings- bidrag kr/år	KULTURLANDSKAPS- BIDRAG	
VERDSARVOMRÅDE						2008	2012
GEIRANGER	1 078 000	406 000	1 484 000				
HERDALEN	64 800	318 400	383 200				
RANDSONENE		988 950	988 950				
VF NORD NY PRODUKSJON	1 098 000	600 400	1 698 400				
VESTNORSK FJORDLANDSKAP NORD	2 240 800	2 313 750	4 554 550	1 000 000	2 300 000	6 156 150	7 854 550

KULTURLANDBRUKET I GEIRANGER

Areal- og beitebidrag til eksisterende produksjon

Per Kristian Frøysa

Brukar	Areal 2006				Dyretal 01 jan 2007										Beitedyr utmark 8 veker, 31 juli 2006						
	F.dyrka	O.dyrka	I.beite	Jordbr.a.	Hest	Mj.kyr	Am.kyr	Ungdyr	Sau	Lam	Mj.geit	Am.geit	Kje	Dyretal	Hest	Kyr	Ungdyr	Sau	Lam	Geit	Beitedyr
Geiranger -bruk 1	53	23		76					32	11				43				34	62		96
Geiranger -bruk 2	45	43	3	91	1				43	5				49	1			43	84		128
Geiranger -bruk 3	56	10	12	78		8		10						18		7	7				14
Geiranger -bruk 4	88	40	30	158		11		12						23		8	8				16
Geiranger -bruk 5	78	51	64	193	3		6	1	33	10				53	3	6	8	51	84		152
Geiranger -bruk 6	42	61	5	108	2			2	25	9		20	34	92			2	26	41	47	116
Geiranger -bruk 7	173	90	0	263	2				36	29	122	6	24	219	2			49	100	186	337
GEIRANGER	535	318	114	967	8	19	6	25	169	64	122	26	58	497	6	21	25	203	371	233	859

Arealklasser	K1	K2	K3	
Eksisterende areal	382	204	381	967

EKSISTERANDE TILSKOTSORDNINGAR		Arealtilskot kr/daa			Husdyrtilskot kr/dyr/år						Beitetilskot kr/dyr/år								
